

Sakshandsamar:

Frode Hovland
E-post: Frode.Hovland@sfj.no
Tlf.: 95992695

Vår ref.

Sak nr.: 18/7740-210
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

MPMFQQ

Dato

LEIKANGER, 08.01.2019

Anders Erling Tisthamar

6797 UTVIK

Løyve til jakt på kystsel 2019

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev deg løyve til å felle sel i inneverande år (2019). Kvar jeger vert tildelt ein maksimalkvote på 5 steinkobbar, for å sikre at samla kvote ikkje vert overskriden, sjå nedanfor.

Jakt på steinkobbe i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane har ein samla kvote på 32 steinkobbar. Kvar jeger vert tildelt ein maksimalkvote på 5 steinkobbar, for å sikre at samla kvote ikkje vert overskriden. Jakttid for steinkobbe er frå 2. januar t.o.m. 30. april og 1. august t.o.m. 30. september. Det er forbode å drive jakt på steinkobbe i indre Sognefjorden med sidefjodar.

Jakt på havert i Sogn og Fjordane

Området sør for Stad har ein kvote på 60 havert (samla kvote for område Lista-Stad) og jaktperiode f.o.m. 1. februar t.o.m. 30. september.

Jakt på grønlandssel:

Fri jakt på grønlandssel langs Norskekysten. Jaktperiode: 2. januar – 30. september.

Rapportering og stogg av jakta

Felling av sel skal meldast til fylkeskommunen fortløpande. Det skal gjerast elektronisk via id-port på heimesida til fylkeskommunen; <http://www.sfj.no/jakt-paa-sel.337893.nn.html>
Når den samla kvoten eventuelt vert fylt vil fylkeskommunen stogge jakta (på den aktuelle arten) og sende melding om dette til jegerar som har løyve til å jakte kystsel i Sogn og Fjordane.

Når du har avslutta jakt skal du sende rapport for jaktseongen uavhengig av om du har jakta eller ikkje. Bruk vedlagt fangstskjema. Dersom du har vore ute på jakt utan å ha felt dyr skal du føre inn jakt dagar på skjema. Siste frist for innsending av fangstskjema er 15. oktober. Manglande rapportering kan gje grunnlag for å avslå seinare søknader om jakt på kystsel.

Om jaktutøvinga

Jakt og all bruk av skytevåpen er i utgangspunktet forbode i sjøfuglreservat og våtmarksreservat (dvs. alle verneområde på kysten), men det er gjort unntak for seljakt i desse sjøfuglreservata i tida 10.9.-31.3.:

Bremanger: Skorpelholmane, Haukedalsholmane.

Flora: Nekkøytåa, Indre-Ånnøy, Timberøyholmane, Trefotskjera, Karsskjeret.

Askvoll: Kuøyna, Raudøy, Krokholmen, Kvannholmen, Prestøy.

Fjaler: Holmelidholmen.

Solund: Ramsholmane, Mågøyane.

Fylkeskommunen ber elles jegerane om å rydde vekk slakteavfall dersom dei er i nærleiken av område som ålmenta nyttar. Vi viser og til forureiningslova § 28 sitt forbod mot forsøpling.

Du finn elles informasjon om seljakt på fiskeridirektoratet si heimeside, sjå:

<https://www.fiskeridir.no/Yrkesfiske/Tema/Sjoepattedyr>

Med helsing

Frode Hovland
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift